

Sameiet KnaZen  
v/Arne Holm  
Langheiane 79, 5914 Isdalstø

Plan, bygg og eigedom, Alver kommune v/Siril Sylta

### **Ynskjer synfaring på skråning på eigedom 188/769 Gjervik ytre.**

Ref. Dispensasjon og rammeløyve for oppføring av to bustadblokker og rekkehus med tilhøyrande anlegg - gbnr 188/769 Gjervik ytre. Administrativt vedtak. Saknr: 301/15  
Tiltakshavar: Erstad & Lekven Utbygging AS

*«Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for skred eller andre natur – og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar, eller tiltak. Kommunen legg dette til grunn for vedtaket.»*

Kommunen burde gjort ei stadleg undersøking før godkjenning. Terrenget er for bratt, og det er altfor dårlege bakkemurer. Dette er eit arbeid som Erstad og Lekven Utbygging AS ikkje har gjort ferdig. Dei seier frå seg alt ansvar sidan dei har fått ferdigattest frå Lindås kommune.

- På kommunen sin eigedom som grensar opp til Sameiet KnaZen (KnaZen) er det regulert inn ein tursti i ein bakke. Stien er mykje brukt heile året, og er flittig i bruk av born kvar gong det er snø. Akande born er heile tida på jakt etter brattare terreng. Dette terrenget finn dei på KnaZen sin eigedom, med store utfordringar for borna i den bratte skråninga, som er opp mot 40 grader. Under aking kan denne skråninga vere farleg, med fare for brotskadar og hovudskadar. Sist vinter var det fleire som køyrde rett i husveggen.
- KnaZen har hatt anleggsgartnar for å sjå kva som kan gjerast for å sikre og stabilisere skråninga. Han ville ikkje sende folk opp i skråninga grunna den sterke hellinga, som utgjør fare for helse og sikkerheit. Ved mykje nedbør raser det allereie små mengder med stein og grus/ jord.
- Det første som må gjerast ifølge gartnar, er å byggje mur langs heile skråninga, fyller på meir massar for å løfte nedre del av terrenget. Ein slik operasjon vil koste fleire hundre tusen kroner.
- Styret i KnaZen ber Alver kommune om ei synfaring på eigedomen. Det er eit felles ansvar for å ivareta sikkerheita rundt vinteraktivitet i området. Ein ROS analyse vil lyse raudt for helse og sikkerheit på omtalte skråning.
- *Ref. Ferdigattest for punkthus 1 og 2 med felles garasjeanlegg Langheiane felt B6 - gbnr 188/769 Gjervik ytre.  
Adm vedtak 611/17 datert 14.12.2017. Ref. saksnr. 14/7672*

Med helsing  
Arne Holm  
Styreleiar  
Mob 90614558

Inge Olav Schaathun  
Sekretær  
95212964

